

Protokoll frå foretaksmøte i Helse Vest RHF

25. juni 2014



DET KONGELEGE
HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENT

PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Onsdag 25. juni 2014 kl. 15.00 vart det halde felles føretaksmøte i dei regionale helseføretaka. Møtet vart halde som telefonmøte.

Dagsorden

- Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Etablering av nasjonal legemiddelberedskap for spesialisthelsetenesta

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte

Ekspedisjonssjef Frode Myrvold (etter fullmakt frå statsråden)

Frå styret møte

Nestleiar Lise Reinertsen (etter fullmakt frå styreleiar)

Ohene Aboagye

Frå administrasjonen møte

Administrerande direktør Herlof Nilssen

Også til stades

Seniorrådgivar Jan-Erik Barbakken

Seniorrådgivar Mikkel Hovden Aas

Underdirektør Bjørg Storesund

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13, men møte ikkje.

Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert

Ekspedisjonssjef Frode Myrvold ønskte, som øvste eigarmyndigheit, velkomen og las opp fullmakt frå statsråden. Han spurte om det var merknader til innkallinga. Det var ingen merknader til innkallinga.


Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Nestleiar Lise Reinertsen og ekspedisjonssjef Frode Myrvold blei valde til å skrive under protokollen.

Sak 2 Dagsorden

Ekspedisjonssjef Frode Myrvold spurde om nokon hadde merknader til utsendt dagsorden. Det var ingen som hadde merknader til dagsorden.




Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjent.

Sak 3 Etablering av nasjonal legemiddelberedskap for spesialisthelsetenesta

Dei regionale helseføretaka har etter spesialisthelsetenestelova ansvar for å sørge for tilbod om spesialiserte helsetenester til befolkninga, mellom anna legemidlar. Vidare har helseføretaka etter lov om helsemessig og sosial beredskap plikt til å ha tilfredsstillande sikkerheit for forsyning av legemidlar for å sikre forsvarlege tenester ved kriser og katastrofar. Legemiddelberedskap omfattar både å sikre tilgang til legemidlar ved ekstraordinære hendingar, men og å oppheve verkinga av konsekvensane ved svikt i forsyninga av legemidlar.

Helsedirektoratet forvaltar i dag avtalar med grossist om nasjonale beredskapslager. Direktoratet har anbefalt at dette nasjonale lageret blir avvikla, og at oppgåva blir lagt til dei regionale helseføretaka. Dette inneber inga endring av det formelle ansvaret til dei regionale helseføretaka, men betyr at helseføretaka må auke nivået på lager og beredskapssikring av legemidlar som blir nytta i spesialisthelsetenesta. Dei regionale helseføretaka har ikkje ansvar for primærhelsetenesta si beredskap på dette området, og beredskapssikring av legemidlar til primærhelsetenesta er ikkje omfatta av dette oppdraget.

Dagens lager består av 204 virkestoff delt på 700 varelinjer. Avvikling av lageret vil krevje auka lagerhald i sjukehus/sjukehusapotek, eventuelt at helseføretaka gjennomfører andre tiltak for sikring av tilstrekkeleg beredskap. Helsedirektoratet har utarbeidd ei liste over vel 300 virkestoff som er kritiske, og vurdert risiko for disse legemidla – i kva grad det er sannsynleg og konsekvens av svikt i forsyningane (ROS-analyse). Analysen er kvalitetssikra av representantar frå sjukehusapoteka. Direktoratet si liste er ikkje nødvendigvis fullstendig, og dei regionale helseføretaka må foreta ei sjølvstendig analyse av sitt behov for legemiddelberedskap.

Den nye ordninga for å ivareta nasjonal legemiddelberedskap skal gjelda frå 1.1.2015. Det må ligge til grunn at beredskapsnivået skal vere på minst same nivå som i 2014. Dei regionale helseføretaka må gjennomgå dagens beredskapssituasjon for legemidlar i spesialisthelsetenesta og utarbeide mål og strategiar for korleis denne bør handterast framover.



Føretaksmøtet vedtok:

- *Føretaksmøtet ber dei regionale helseføretaka om å ta over beredskapssikringa av legemidlar som blir brukte i spesialisthelsetenesta frå 01.01.2015 som ei nasjonal beredskapsoppgåve. Helse Sør-Aust RHF skal leie arbeidet med overtakinga. Føretaksmøtet legg til grunn at det vert utarbeidd ein plan for overtakinga og korleis beredskapen skal organiseras som sendast til Helse- og omsorgsdepartementet innan 01.09.2014. Helsedirektoratet sin ROS-analyse skal inngå i grunnlaget for korleis ivaretakinga skal etablerast.*
- *Det er behov for ein gjennomgang for å klargjere utfordringsbilete og strategiar for nasjonal legemiddelberedskap for spesialisthelsetenesta. Iverksetting av ytterlegare tiltak bør starte frå 2016. Føretaksmøtet ber dei regionale helseføretaka om å greie ut dette i ein rapport til Helse- og omsorgsdepartementet innan 1.07.2015. Helse Sør-Aust RHF skal leie arbeidet. Relevante aktørar bør delta i arbeidet med rapporten.*

Møtet vart heva kl. 15.15.

Oslo, 25. juni 2014



Frode Myrvold



Lise Reinertsen

